



**Under den store redningsøvinga i dalen i helga var Ingve Horgen sentral. Han har jobba som redningsmann i Luftforsvarets 330-skvadron heilt sidan 1994 og no har han som oppdrag å prøva ut morgondagens redningsmenn. Horgen har bak seg hundrevis av oppdrag som ofte handlar om liv og død. Mange har vore i fjella her i distriktet. Her har han også mykje av røtene sine.**

Ingves mor er Liv født Feet og ho vaks opp på garden på Døssland som Trond Olsen no eig. Ho gifta seg med Lars Johan Horgen og flytta til Utåker, No bur ho i Rennesøy. Sonen seier til Kvinnheringen at det alltid er kjekt å koma til heimstaden og at han kjenner fjella her godt - både frå oppveksten og etter fleire redningsoppdrag

Foto: Kvinnheringen